



Fram Ingeniørkontor AS
pb. 4814 Nydalen
0484 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3097 - 16/27853

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

06.10.2016

Søknad om oppføring av lagerhall vert avvist - gbnr 212/19 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 487/16

Saka gjeldt søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av lagerhall motteken 28.09.16.

Etter ein gjennomgang av innsendte søknad og dokumentasjon i saka, har kommunen funne grunnlag for å vurdere om tiltakshavar har dei nødvendige private rettane som søknaden krev.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-6 at «*med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, kan søknaden avvises.*»

Vilkåret for å kunne avvise ein søknad er at det må gå fram som klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden krev. I vilkåret er det sett krav om meir en vanleg sannsynlighetsovervekt. Om vilkåret er stetta vert basert på ei heilskapleg vurdering av forholda i saka.

Heimelshavar av eigedom gbnr. 212/19 har ikkje signert på søknaden og det er ikkje lagt ved fullmakt som gjev Kabo Construction AS rett til å signere på søknadar for heimelshavar.

På bakgrunn av dette meiner kommunen at det etter ei heilskapleg vurdering av søknaden og andre forhold i saka, framstår som klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden krev.

VEDTAK:

Søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av lagerhall motteke 28.09.16 vert avvist med heimel i pbl. § 21-6.

Det vert presisert at dette vedtaket ikkje er ei avgjerd av det privatrettslege høve.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

1. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og krev at det vert innhenta samtykke/løyve frå Arbeidstilsynet jf. arbeidsmiljølova § 18-9.
2. Tiltaket må vere avklara i høve E39 og Statens vegvesen før ei evt. ny byggesøknad kan handsamast hjå Lindås kommune.
3. Med omsyn til situasjonsplan så er det ikkje samsvar mellom mål påført situasjonsplan og mål påført teikningar av bygget jf. vedlegg E1 og vedlegg D1. Situasjonsplanen er ikkje påført målestokk.
4. Det er ikkje levert planteikning for bygget, skal det til dømes vere mezanin på delar av arealet?

Vi vil rå til at vidare utbygging av arealet skjer gjennom ein reguleringsplan og ikkje gjennom ein dispensasjonssøknad. Ved behov for yttarlegare avklaring vil vil tilrå at det vert bestilt førehandskonferanse, de kan nytte vedlagd blankett.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førespurnad om førehandskonferanse

Kopi til:

Kabo Construction AS	Strandbakken 33	5101	EIDSVÅGNESET
----------------------	-----------------	------	--------------

Mottakarar:

Fram Ingeniørkontor AS	pb. 4814 Nydalen	0484	OSLO
------------------------	------------------	------	------